



Arkivnr: 2014/11969-3

Saksbehandlar: Per Nordmark, Gunhild Raddum, Lars Øyvind Birkenes, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		18.03.2014

## Fråsegn - Detaljregulering av delar av gnr 64/160, Ænes - Kvinnherad kommune. PlanID 20130004

### Samandrag

Det er fremja privat detaljreguleringsplan for eit areal på 19 da. Planen er i strid med kommunedelplan. Planområdet omfattar både sjø og landareal. Det er 160 m strandline innanfor planområdet. Gjennom planområdet går fv. 551. Vegen inngår i planarealet. Føremålet med planarbeidet er i hovudsak bustader, fritidshus, naust og småbåthamn. KURE var 6. februar 2014 på synfaring til planområdet.

Planen er i konflikt med kulturminneinteresser ved at det ikkje er gjennomført marinarkeologiske undersøkingar i samsvar med krav frå Bergen sjøfartsmuseum. Planen er vidare i konflikt med interesser knytt til fv. 551 når det gjeld utvikling og drift av vegen, tilkomst til eigedomar, trafikktryggleik og støytilløve. Det er tilrådd motsegn om ikkje planen vert endra i samsvar med framsette krav.

### Forslag til vedtak

1. Det er ikkje gjennomført kulturminnefaglege undersøkingar i sjø i samsvar med krav frå Bergen Sjøfartsmuseum. Spørsmålet om undersøkingar i sjø må avklarast og arealet godkjennast brukt før planen kan eigengodkjennast av kommunen.  
Det vert fremja motsegn på dette punktet.
2. Planen tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til fv. 551 i planområdet. Det vert sett fram krav om følgjande endringar:
  - A. Planen må leggja til grunn ein normalprofil for vegen gjennom området på 7,5 m.
  - B. På begge sider av vegen må det regulerast inn eit belte på minst 3 m som: Anna veggrunn. Føremålet vil vera drift og vedlikehald av vegen.
  - C. Vegkryss mellom fv. 551 og kommunal veg med frisktsoner må inkluderast i planområdet.
  - D. I føresegnene må det takast inn som eit punkt i rekkefølgjekrav: - Frisikt til fv.551.
  - E. Fv. 551 er rekna å ha ein regional transportfunksjon. For å førebyggja framtidige problem som følgje av etablering nær vegen vert det sett fram krav om byggjegrænse for både bustader og fritidsbustader på 20 m frå vegmidte på begge sider av vegen gjennom planområdet.
  - F. I føresegnene til reguleringsplanen skal det gjerast greie for kva restriksjonar og krav som gjeld for bygging i støysonene.

Dersom planen ikkje vert endra i samsvar med punkta 2A – 2F vert det fremja motsegn til kvart av

desse.

3. I tilknytning til vegkrysset mellom fv. 551 og kommunal veg vert det tilrådd opparbeiding av busstopp.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 18.02.2014

## Bakgrunn

Kvinnherad kommune har sendt forslag til detaljreguleringsplan for gnr 64, bnr 160 på høyring med frist 24.01.2014. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 15.02. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Fylkeskommunen har motsegnrett i reguleringsplansaker. Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.


## Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planarbeidet i mellom anna Bergens Sjøfartsmuseum sitt varsel om marinarkeologiske registreringar datert 28.02.2011 og fylkeskommunen sitt brev etter utført kulturhistorisk synfaring datert 25.02.2011.



*Bildetekst: Kvar Ænes er lokalisert*

KURE var på synfaring til planområdet 6. februar i kombinasjon med synfaring av ferjeleie på Varaldsøy og Fv 48 Løfallstrand. Hordaland fylkeskommune har meldt til Kvinnherad kommune at fråsegn vert vedteken av KURE i møte 18.03.2014.



*Bildetekst:  
Plankart detaljregulering Ænes*

### Innhald i planen

I det følgjande blir innhaldet av planen kort referert:

- Planen omfattar eit areal på 19 da.
- Føremålet er bustader og fritidsbustader med tilhøyrande samferdselsanlegg, grøntstruktur, bruk og vern av sjø og vassdrag, småbåthamn, naust og leikeareal.
- Planen er ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan.
- Planen er privat.

Planområdet på Ænes ligg langs fv. 551 og fylkesvegen er ein del av planen. Lokaliseringa er mellom ferjeleiet Årnes og Folgefonntunnelen. Det er 17 km til Rosendal, 11 km til Sundal og 28 km til Odda.

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad vedtok 02.10.2013 å leggja planframlegget ut til offentlig ettersyn.

Planen består av følgjande dokument:

- Planomtale
- Føresegner (juridisk bindande)
- Plankart (juridisk bindande)

### Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi korleis regionale interesser er ivaretatt i planen.

#### Samordna areal og transport

Etablering av ny busetjing i strid med kommuneplanen er uønska. Planområdet er lokalisert langt frå lokale og regionale senter, og lokale sørvis- og tenestetilbod vil vera avgrensa. Lokaliseringa må forventast å medføre generelt auka transportarbeid og auka offentlege utgifter. Kommunen bør vurdere dei samfunnsmessige konsekvensane av lokaliseringa nøye.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Det vart utført kulturminnefagleg synfaring 22.02.11. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne på land i planområdet og det såg heller ikkje ut til at det var særleg potensial for funn av slike. Området på oppsida av vegen er alt forholdsvis omrota som følgje av dei bygningane, vegtilkomst o.a. som finst der i dag. Det vert difor ikkje stilt krav om arkeologiske undersøkingar som omfattar landarealet av planen. Når det gjeld andre verneverdige kulturminne, så ba Hordaland fylkeskommune om at det skulle takast omsyn til dei SEFRAK-registrerte nausta på nedsida av vegen. To av nausta skal i følgje planen visast som omsynsone, men på plankartet ser det ut til at berre det eine er vist slik. Eit anna naust er i følgje kommunen alt rive.

Då saka også omfatta areal i sjø vart den send over til Bergens Sjøfartsmuseum for uttale derfrå. Planområdet omfattar sjøareal og Bergens Sjøfartsmuseum sende 28.02.2011 brev med kopi til Sivilarkitektene Hoffmann & Omland mnal med varsel om marinarknologiske registreringar. Vi kan ikkje sjå at det har komme svar frå tiltakshavar på dette varselet. Dette går heller ikkje fram av kommunen si saksutgreiing. Tiltakshavar må ta kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum for å få gjennomført undersøkingane. Kommunen kan ikkje eigengodkjenne planen før ovanfor nemnde undersøkingar er avklara.

#### Samferdsel

I planframlegget er det teke utgangspunkt i dagens veglinje for fylkesvegen. Fylkesvegen har ei reguleringsbreidde på 5-6 meter. ÅDT ca. 1 000 (2012).

Reguleringsbreidda på fylkesvegen må også omfatta utbetring av vegen. Statens vegvesen meiner at normalprofilen på vegen bør vera 7,5 meter (H1- etter håndbok 017). Dette er standarden som er nytta der fv. 551 skal utbetrast andre stader. Langs fylkesveg skal eit belte i 3 meters breidde, på begge sider av vegen, regulerast til anna veggrunn. Statens vegvesen treng dette arealet til drift og vedlikehald av vegen. Skråningsutslag og støttemur skal regulerast til anna veggrunn.

Vegkryss fv. 511 til kommunal veg er ikkje med i planen. I innspel til oppstartsmeldinga nemnde Statens vegvesen spesielt dette. Det er 5 nye bustadtomter innanfor plangrensa, som er tiltenkt å nytta dette krysset. Planområdet må utvidast til også å omfatta dette krysset, inklusive frisiktsoner (1 O x 70 meter). I føresegnene «§9.0 Rekkefølgekrav» må det koma eit tilleggsstrekpunkt, - Frisikt til fv.551. Det er ikkje vist avkøyrslle frå fv. 551 i vest til bustadtomt, gnr. 64/59 og ikkje vist avkøyrslle frå fv. 551 i aust til naust, gnr. 64/12, 64/133. - Desse avkøyrslene med siktlinjer må inngå i reguleringsplanen.

I «Rammeplanen for avkøyrslle og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016» har fv. 551 fått «Haldningsklasse 2 (gul)», dvs. at vegen vert rekna å ha ein regional transportfunksjon. Dei som bur langs slike vegar har, og vil i aukande grad få, problem med trafikk, støy og andre miljøbelastningar frå vegtrafikken. Det er lagt opp til byggjegranser på nordsida av vegen på 12 meter frå midte fylkesveg for hytteeigedomar og byggjegranser på sørsida av fylkesvegn på 15 meter frå midte veg til bustadeigedomar.

Statens vegvesen er av den meining at dette er for liten avstand. I området er det generelt lenger avstand til eksisterande bustader enn det her er vist i planframlegget. I denne planen kan Statens vegvesen akseptere ei byggegrense på 20 meter frå vegmidte av fylkesvegen både for hytte- og bustadeigedomar.

Retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova. Reguleringsplanen viser støysonekart for fylkesvegen, der delar av bustadområdet er innanfor gul sone. Dette er ei vurderingssone, der bygg med støyfølsam bruk kan oppførast, dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støytilhøve. I planomtalen pkt. 8.12 står det, at det er lagt til rette for demping av trafikkstøy frå fv. 551 med avsett plass for støyvoll på både sider av fylkesvegen. Vi kan ikkje sjå, at det på plankartet eller i føresegnene er nemnd noko om støyskjerming. I støysona, der det vert planlagt bustader med støyfølsam bruk, bør kommunen krevje ei støyfagleg utgreiing som viser støynivå ved ulike fasadar på aktuelle bygg og på uteplassar. I føresegnene til reguleringsplanen skal det gjerast greie for kva restriksjonar og krav som gjeld for bygging i støysonene. Det må dokumenterast at byggteknisk forskrift vert overhalden.

Vidare er det trekt fram at ROS-analysen har avdekka trafikkfare som ein konsekvens, særleg for mjuke trafikantar. Opprusting av vegen vert føreslått som avbøtande tiltak, men det er samstundes ikkje sett av areal til dette. Skuleborn på Ænes nyttar buss mellom heim og skule. Det er busstopp på nordsida av vegen ved fv. 551 X kommunal veg, men ikkje på sørsida av vegen. Når den kommunale vegen vert innlemma i planframlegget er det naturleg at dette vert teke med i planen.

Med bakgrunn i dei faglege vurderingane som Statens vegvesen har lagt til grunn oppmodar samferdselsavdelinga til at planavdelinga ber kommunen om å leggje fram eit revidert planframlegg der det vert teke omsyn til punkta ovanfor.

## Konklusjon

Kulturminne:

- A. Det er ikkje gjennomført kulturminnefaglege undersøkingar i sjø i samsvar med krav frå Bergen Sjøfartsmuseum. Spørsmålet om undersøkingar i sjø må avklarast og arealet godkjennast brukt før planen kan eigengodkjennast.  
Det vert fremja motsegn på dette punktet.

Samferdsel:

Planen tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til fv. 551 i planområdet. Det vert sett fram krav om følgjande endringar:

- A. Planen må leggja til grunn ein normalprofil for vegen gjennom området på 7,5 m.
- B. På begge sider av vegen må det regulerast inn eit belte på minst 3 m som: Anna veggrunn. Føremålet vil vera drift og vedlikehald av vegen.
- C. Vegkryss mellom fv. 551 og kommunal veg med frisktsoner må inkluderast i planområdet.
- D. I føresegnene må det takast inn som eit punkt i rekkefølgjekrav: - Frisikt til fv.551.
- E. Fv. 551 er rekna å ha ein regional transportfunksjon. For å førebyggja framtidige problem som følgje av etablering nær vegen vert det sett fram krav om byggegrense for både bustader og fritidsbustader på 20 m frå vegmidte på begge sider av vegen gjennom planområdet.
- F. I føresegnene til reguleringsplanen skal det gjerast greie for kva restriksjonar og krav som gjeld for bygging i støysonene.
- G. I tilknytning til vegkrysset mellom fv. 551 og kommunal veg vert det tilrådd opparbeiding av busstopp.

Det vert tilrådd å fremja motsegn når det gjeld punkta A – F. Punkt G er ei tilråding.